

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 10.06.2016
SAKSHANDSAMAR: Helge Robert Midtbø
SAKA GJELD: **Båtambulansetilbod i område sør**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **038/2016**

STYREMØTE: 17.06.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber administrerande direktør greie ut følgjande modellar for ambulanseteneste i område sør:

Båtambulanseteneste:

Alternativ 1: Ambulansebåt i Solund, Askvoll og Florø

Alternativ 2: Ambulansebåt i Solund og Florø

Alternativ 3: Ambulansebåt i Solund og Florø, med tilgang til båttaxi for sjuketransport og transport av helsepersonell

Bilambulanseteneste:

Alternativ 1: Tre døgnambulansar som i dag i Askvoll, Fjaler og Lavik

Alternativ 2: To døgnambulansar – samla i Askvoll/Fjaler. Omdefinere døgnbil i Lavik til dagbil og flytte denne til Leirvik i Hyllestad

Alternativ 3: To døgnambulansar – samla i Askvoll/Fjaler. Ikkje døgnambulansar i Lavik, auke i Høyanger til to døgnambulansar

Oppsummering

Saka gjeld val av alternativ som skal utgreiast vidare når det gjeld ambulanseteneste i område sør, i tråd med styrevedtak den 18.03.2016. Utgangspunktet er behov for ein prosess knytt til nye avtalar om båtambulanseteneste, men dette må sjåast i samanheng med bilambulanseteneste i tilgrensande landområde. Ei prosjektgruppe med deltaking frå berørte kommunar og brukarutvalet har tilrådd at tre modellar for båtambulanseteneste og tre modellar for bilambulanseteneste i området vert utgreidd i prosessen vidare. Det vert lagt opp til styrevedtak med val av løysingar i august 2016.

Fakta

1. Bakgrunn og prosess

Helse Førde kjøper båttjenester for å utføre ambulanseoppdrag og pasientreiser til sjøs i Vågsøy og Flora – område nord – og Askvoll og Solund – område sør. Avtalane med operatørane i Askvoll og Solund gjeld fram til 31.12.2016 og 31.12.2017. Det har på denne bakgrunnen vore behov for ein prosess for å avklare ei langsiktig løysing, som også må sjåast i samanheng med bilambulansenesta i tilgrensande landområde. Korleis denne prosessen kunne leggjast opp, vart i mars 2016 drøfta med berørte kommunar.

Styret i Helse Førde HF gjorde den 18.03.2016 slikt samrøystes vedtak:

1. Styret ber administrerande direktør setje i verk prosess for å avklare framtidig båtambulansetilbod i område sør i tråd med denne styresaka, vedlagde mandat, førebels ROS-analyse og førebels interessentanalyse.
2. Styret legg til grunn framdriftsplan som viser at sak om mogelege alternativ vert fremja i styremøte i juni, og at endeleg avgjerd om framtidig alternativ vert fremja som styresak i august.
3. Styret ber administrerande direktør legge vekt på deltaking får dei involverte kommunane.
4. Bruk av luftambulansetjenester må takast med i arbeidet.

Arbeidet inngår som ein del av utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste».

Det har vore etablert ei felles prosjektgruppe der ordførarane i kommunane Solund, Fjaler, Askvoll og Hyllestad har delteke. Frå Helse Førde har viseadministrerande direktør, klinikkdirktør, avd.sjef for Avdeling for akuttmedisin og ambulansesjef delteke, i tillegg til prosjektkoordinator, tillitsvald og verneombod. Brukarutvalet har hatt ein representant i arbeidet. Representant frå Fylkesmannen deltok som observatør i det siste møtet.

Prosjektgruppa har etter oppstart av prosjektet hatt to møte. Det er vidare planlagt ytterlegare to møte (august og september).

Prosjektgruppa har gått gjennom faktagrunnlag, arbeid med å kartlegge behov, føringar og rammer, gjennomført synfaringar og innhenta erfaringar frå andre føretaksområde. Helse Førde har i tillegg teke kontakt med politietaten, Sogn og Fjordane fylkeskommune og kraftselskapa i området for å vurdere beredskapssamarbeid.

Det er teke inn i prosessen ei vurdering av korleis den samla lokale akuttberedskapen kan ivaretakast og korleis kommunane kan løyse delar av sitt ansvar ved t.d. lokale akutthjelparordningar.

Føremålet med denne saka er styregodkjenning av konkrete alternativ for vidare utgreiing i prosjektet, jfr styrevedtaket av 18.03.2016 og fastsett prosjektplan. Endeleg avgjerd om framtidig alternativ vert styresak i august.

Ei samla prosjektgruppe har kome fram til tre konkrete modellar for vidare utgreiing knytt til båtambulansetenesta og tre modellar for bilambulansetenesta i området.

2. Modellar for vidare utgreiing

Båtambulansetenesta

Det eine alternativet som ligg føre til vidare utgreiing er dagens modell, med ambulanserbåt i Solund, Askvoll og Florø. Erfaringar viser at dette gir ein tilfredsstillande beredskap. Løysinga er i dag avhengig av eit samspel med bilambulansetenesta for å sikre den bemanninga og kompetansen som trengst. Ein del føresetnader har endra seg sidan dagens struktur vart etablert. Desse trekker i retning av at behovet er mindre enn for ein del år tilbake. Erfaringar frå andre område kan tilseie ein vesentleg auke i kostnader ved nye avtalar basert på dagens modell.

Det andre alternativet prosjektgruppa ønskjer å utgreie, er eit alternativ med ambulanserbåt i Solund og Florø, dvs reduksjon med ein ambulanserbåt. Grunnen til utgreiing av dette alternativet er betra kommunikasjonar med færre innbyggjarar utan vegsamband, styrka luftambulanseteneste med redningshelikopter i Florø og markant nedgang i bruk av båtambulans over dei siste åra. Kostnadsperspektivet inngår også i grunnlaget. Om alternativet vil gi tilstrekkeleg beredskap og tilfredsstillande responstider vil bli vurdert i den vidare prosessen.

Det tredje alternativet er eit alternativ med ambulanserbåt i Solund og Florø, dvs reduksjon med ein ambulanserbåt, og tilgang til båttaxi for sjuketransport og transport av helsepersonell. Bruk av båttaxi vil då tilsvare bruk av biltaxi på land. Det er i dag båttaxi på Atløy, 6-7 min frå Askvoll. Grunngevinga for at dette alternativet inngår er i hovudsak dei same som for alternativ 2, men her får ein betre kapasitet til transport der det ikkje krevst ambulanserbåt med tilhøyrande personell.

Bilambulansetenesta

Også her ønskjer ein å ta utgangspunkt i dagens modell, med tre døgnambulansar (Askvoll, Fjaler og Lavik) og utgreie vidare korleis denne kan fungere i kombinasjon med ei framtidig båtteteneste.

Ein alternativ modell er to døgnambulansar, samla i Askvoll/Fjaler, omdefinering av døgnbil i Lavik til dagbil og flytting av denne til Leirvik i Hyllestad. Bakgrunnen for dette er utvikling i behov og kommunikasjonar i området. Bortfall av ansvar for Gulen kommune og meir bruk av tobåreil på aksen Førde-Bergen er blant faktorane. Det er ei erfaring at behova i høve til Hyllestad kan dekkast betre, samtundes som behova i Lavikområdet er redusert. Rekrutterings- og kompetansmessig er det føremoner knytt til samordning av personell i eit større område. Også her kjem det inn i biletet at ein ønskjer å vurdere om eit alternativ kan gi tilfredsstillande løysing med mindre kostnader enn i dag.

Den tredje modellen for bilambulansetenesta er to døgnambulansar, samla i Askvoll/Fjaler og ein auke i Høyanger til to døgnambulansar, som i dag har ein døgnambulans og ein dagambulans. Grunngevinga er i stor grad den same som for alternativ 2, med litt andre vektleggingar.

Kommentarar

Helse Førde legg vekt på ein prosess der ein søker å finne dei beste løysingane saman med berørte kommunar innanfor gjeldande kvalitetskrav og ressursrammer. Det er viktig at partane i lag kan sikre den lokale akuttberedskapen og andre transportbehov best mogeleg. I dette arbeidet er det mange omsyn som må takast, og begge partane har sitt ansvar.

Prosesen har hatt ei framdrift i samsvar med plan, og det er no avgjerande å avgrense vidare utgreiingar til nokre konkrete alternativ.

I det vidare utgreiingsarbeidet vil modellane bli vurderte med tanke på kvaliteten i tenestene, som inkluderer både bemanning/kompetanse, utstyr og responstider, og med tanke på ressursbruk /kostnader.

Konklusjon

Det vert tilrådd at styret godkjenner vidare utgreiing av tre modellar for båtambulanseteneste og tre modellar for bilambulanseteneste i område sør i samsvar med framlegg frå prosjektgruppa.